


# Årsrapport 2017

---



## Innhald

<b>Del I – Innleiing frå direktøren .....</b>	<b>3</b>
<b>Del II – Introduksjon og hovudtal.....</b>	<b>4</b>
Verksemd og samfunnsoppdrag .....	4
Utvalde hovudtal.....	5
Organisasjonen .....	6
<b>Del III – Aktivitetar og resultat.....</b>	<b>7</b>
Oppnådde resultat .....	7
Ressursbruk.....	13
Andre oppdrag i tildelingsbrevet .....	14
<b>Del IV - Styring og kontroll.....</b>	<b>18</b>
<b>Del V – Vurdering av framtidsutsikter .....</b>	<b>20</b>
Den gode samfunnsutviklingskommunen .....	20
Distriktssenteret si rolle .....	21
<b>Del VI – Årsrekneskap .....</b>	<b>22</b>
Innleiing.....	22
Kommentarar frå leiinga .....	22
Prinsippnote til årsrekneskapen .....	23
Oppstilling av løyvingrapporteringa for rekneskapsåret 2017.....	24
Oppstilling av artskontorrapporteringa for 2017.....	25

## Del I – Innleiing frå direktøren



Distriktssenteret har hatt eit aktivt år i 2017. Vi er eit fagmiljø som har tett kontakt med mange av kommunane vi arbeider med. Vi har også tett kontakt med samarbeidspartar som fylkeskommunar, regionar, departement, andre etatar og forskingsmiljø. Det må vi for å vere ein nasjonal kunnskaps- og erfaringsbase.

Eg ser kor viktig jobben med å kople menneske, organisasjonar og arenaer på tvers av fag, forvaltingsnivå og geografi er. Det må til for at kunnskapen om lokal samfunnsutvikling skal bli brukt til aktivt og praktisk arbeid der utviklinga skjer. I kommunane. Den nytten ser eg når ein ordførar og ein samfunnsutviklar tek turen frå ein landsdel til ein annan for å lære meir om korleis metoden bulystteam er teke i bruk i Steinkjer kommune. Den ser eg når byregionane på ei nettverkssamling bruker opningane i programmet til å møte andre for å lære av både vertsregion og kvarandre. Den ser eg når vi blir bedne om å dele med heile Norden erfaringar om korleis inkludering av innvandrarar bidreg til lokal samfunnsutvikling.

Distriktssenteret er eit spissa fagmiljø som har tett kontakt med mange av kommunane vi arbeider saman med. Vi har god oversikt over eksisterande erfaringar og forskning. I forskingsmiljøa vi får tilbod frå, vert vi oppfatta som ein kompetent og krevjande oppdragsgjevar.

I 2017 har vi starta arbeidet med å overta Merkur-programmet frå 2019. Det legg grunnlag for ei sterkare kopling mellom dei to verkemidla. Nærbutikken i små lokalsamfunn er ein viktig del av kommunen sin utviklingskapasitet. Distriktssenteret og Merkur-programmet har samanfallande mål om å bidra til attraktive

lokalsamfunn, og eg meiner begge vert fagleg styrka av denne endringa.

I 2017 har vi lagt fram ny kunnskap om verdiskaping basert på kultur- og naturressursar som er teke inn i KS si folkevaltopplæring. Vi har også vidareutvikla kunnskapen om bustadsatsingar, kommunalt planarbeid, stadutvikling og regionalt samarbeid. Byregionprogrammet viser resultat gjennom formalisering av samarbeid i regionråd og regionale næringsplanar. I tillegg er læringshistoriene frå programmet nyttige også for dei som ikkje er deltakarar. Vi samarbeider godt i prosjektet om utvikling av lokaldemokratiet i kommunar som skal slå seg saman, og har i tillegg gjort mykje arbeid med å løfte kommunane sin kunnskap om medverknad og involvering i lokal samfunnsutvikling.

Distriktssenteret har løyst oppdraget og nådd måla for 2017 på ein god måte, og eg ser fram til eit spennande 10-årsjubileumsår. Takk til dyktige og arbeidsame medarbeidarar og leiarar.

Halvor Holmli  
direktør  
Distriktssenteret  
- Kompetansesenter for distriktsutvikling

## Del II – Introduksjon og hovudtal

### Verksemd og samfunnsoppdrag

Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktutvikling er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan som administrativt ligg under Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)<sup>1</sup>.

Distriktssenteret er eit nasjonalt kompetansesenter. Vi leverer kunnskap som gir meirverdi i kommunar og regionar sitt arbeid med å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn<sup>2</sup>. Som eit desentralisert og spissa kompetansemiljø koplar vi forskning med praktisk arbeid i kommunar og fylkeskommunar. Slik blir dei lokale utviklingstiltaka betre.

#### Mål

- Kommunane blir betre samfunnsutviklarar gjennom å bruke kunnskap fra Distriktssenteret.
- Våre tydelege råd til nasjonale styresmakter blir nytta i politikktutforming.
- Vi er ein framtidretta kunnskapsorganisasjon med nøgde brukarar og tilsette.<sup>3</sup>

Tildelingsbrevet for 2017 presenterer måla våre på ein litt annan måte: *Hovudmålet for Distriktssenteret er å vere eit nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnsutvikling. Dette er delt i tre delmål: Distriktssenteret skal*

- *Hente inn og vurdere erfarings- og forskingsbasert kunnskap om og med relevans for lokal samfunnsutvikling, og bidra til lokal og regional utvikling gjennom å formidle kunnskap om lokal samfunnsutvikling til kommunar og fylkeskommunar.*
- *Vere eit kompetanseorgan for utvikling av regionalpolitikken.*

- *Samarbeide med andre aktørar innanfor regional utvikling.<sup>4</sup>*

I 2017 starta KMD og Distriktssenteret ein dialog om mål- og resultatrapporteringa, slik at tildelingsbrevet for 2018 har fått ei anna form. Det er naturleg for oss å ta tak i denne tankegangen alt i årsrapporten for 2017, sidan vi gjennom strategi og handlingsplan allereie legg opp til å arbeide opp slik.

*Gjennom Distriktssenterets ressursar og godt samarbeid med sentrale samarbeidspartnarar skal senteret auke utviklingskapasiteten i kommunane og vere ein nyttig og relevant kunnskapsbase for aktørar innan samfunnsutvikling. [...]*

*Distriktssenteret er ein viktig kompetansepartner, og skal bidra med faglege innspel til nasjonal politikktutvikling. Dette inneber framleis systematisk tilnærming til samanstillings- og analysearbeid. Arbeidet på dette område blir basert på tydelege analysestrategiar som sikrar at kunnskapen er relevant og kan brukast til politikktutvikling. [...]*

*Distriktssenterets sentrale bidrag til målet er å auke kommunanes utviklingskapasitet. Som gode samfunnsutviklarar, må kommunane ta i bruk kunnskap om lokalt utviklingsarbeid. Distriktssenteret skal bidra til bevisstgjerjing av korleis den gode samfunnsutviklarkommunen kan bli skapt.<sup>5</sup>*

I årsrapporten tar vi utgangspunkt i måla frå strategien vår, og gir utfyllande opplysningar ut frå tildelingsbrevet for 2017 og målformuleringane i punkt 3 og 3.1 i tildelingsbrevet for 2018.

<sup>1</sup> Vedtekter for Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktutvikling (Kgl.res 9.5.2008)


<sup>2</sup> Samfunnsoppdraget, slik det er definert i *Strategi 2020*

<sup>3</sup> Strategi 2020

<sup>4</sup> Tildelingsbrev 2017

<sup>5</sup> Tildelingsbrev 2018

## Samarbeid med andre



Distriktssenteret har eit tett samarbeid med dei fleste fylkeskommunane. Vi har også samarbeid med ulike regionale statlege aktørar.

Samarbeidet med mange av fylkeskommunane er lagt opp på ulike måtar for å møte ulike behov og arbeidsmåtar. Ein suksessfaktor er å avtale konkrete tiltak og fordele ansvar. Deltakarane i Byregionprogrammet har vist seg å vere viktige nettverk for læring. Distriktssenteret sin kunnskap om lokal samfunnsutvikling er nyttige også for dei. Både byregionane og grupperingar som regionråd er nyttige for at vi skal klare å møte og dele kunnskap med fleire kommunar på ein gong.

Vi har jamleg kontakt og fagleg samarbeid med både Husbanken og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Vi har arbeid saman om både kunnskapsutvikling og formidling.

I tillegg til samarbeid med Regionalpolitisk avdeling i eigardepartementet Kommunal- og moderniseringsdepartementet, samarbeider vi med Kommunalavdelinga om programmet Fornyng og utvikling av lokaldemokrati i kommunar med vedtak om samanslåing. Vi samarbeider med Planavdelinga om Statens pris for berekraftig by- og stadutvikling.

Vi har dialog med KS, og har mellom anna samarbeidd om ein film om verdiskaping basert på kultur- og naturressursar og innhaldet i KS si folkevaltopplæring. Innovasjon Norge (IN) og fleire andre offentlege verksemder har bidratt på samlingar i Byregionprogrammet. Vi har bidratt i prosjektet Næringsvenlege regionar, som IN har organisert.

Distriktssenteret følgjer Merkur-programmet sitt prosjekt Butikken som sosial arena, og har mellom anna ein deltakar i styringsgruppa. I 2017 har vi også trappa opp samarbeidet med Merkur-programmet på andre måtar, som ei førebuing til at programmet skal flyttast til Distriktssenteret. Vi har hatt faglege bidrag på regionkonferansar, delteke på styremøte og i bidratt i strategiarbeid.


I 2017 har det internasjonale samarbeidet blitt styrka. Vi er etterspurde som faglege bidragsytarar i nabolanda våre, og vi hentar også kunnskap og bidrag utanfor grensene våre. Vi har delteke i samarbeid med mellom anna Nordregio, Nordisk Ministerråd, Reglab Sverige, Tillväxtanalys og Tillväxtverket.

## Utvalde hovudtal

Årsverk	23
Samla tildeling	28 456 000
Utnyttingsgrad	100 %
Driftsutgifter	28 365 427
Lønnsdel av driftskostnader	66 %
Lønnskostnader per årsverk	694 800


Tabell 1 Utvalde hovudtal frå 2017

Fullstendig rekneskap ligg i del VI.



Figur 1: Gruppering av driftskostnader, tal i millionar kroner.

## Organisasjonen



Figur 2 Organisasjonskart med fordeling av tilsette mellom kontorene i Sogndal, Alstahaug og Steinkjer

Distriktssenteret er eit nasjonalt, desentralisert og spissa kompetansemiljø som koplur forskning med praktikarar i kommunar og fylkeskommunar. 23 tilsette er fordelt på tre stader, og vi har ein effektiv distribuert organisasjons- og leiingsmodell.

Dei tre avdelingane har ikkje spesielle ansvar for regionar eller fagområde. I staden arbeider vi svært ofte i arbeidsgrupper der det deltar medarbeidarar frå fleire avdelingar. For å få dette til, har vi sidan oppstarten arbeidd mykje med å etablere og ta vare på felles kultur, og leggje til rette for enklast mogleg staduavhengig samarbeid.

Videomøte, samarbeid gjennom samskriving, der flere arbeider i same dokument, og ein aktiv samhandlings- og delingskultur underbyggjer dette. Leiargruppa har vekentlege møte på video. Alle i Distriktssenteret deltek på fellesmøte med både fagleg og organisatorisk innhald annakvar veke.



Bilete 1: Fagleg deling og oppdatering på videokonferanse, med alle tre avdelingane og to heimekontor er ei vanleg oppleving i Distriktssenteret.




## Del III – Aktivitetar og resultat

### Oppnådde resultat

For mange ytre faktorar slår inn til at det er mogleg å måle direkte samfunnseffektar av enkelttiltak som er tenkt å ha innverknad på lokal eller regional samfunnsutvikling. Det vi då kan måle om Distriktssenteret, er først og fremst om vi leverer tenester som er etterspurde og om brukarane opplever nytte. I tildelingsbrevet for 2018 er målet at «kommunane er gode samfunnsutviklarar»<sup>6</sup>. Distriktssenteret skal bidra til dette ved å auke kommunane sin utviklingskapasitet ved å tilby kunnskap som bidreg til bevisstgjerjing og handling.

Oppdraget vårt er først og fremst målbart på nivå tre og fire i resultatkjeda. Når vi kan sjå brukareffektar gjennom kunnskaps-, åtfærds- eller haldningsendringar hos kommunane kan vi til ein viss grad sannsynleggjere at desse på lang sikt vil ha samfunnseffektar gjennom kommunanes lokale utviklingsarbeid, fordi kommunane blir betre samfunnsutviklarar.



Figur 3: Målepunkt i resultatkjeda

I Strategi 2020 har Distriktssenteret definert tre mål. Vi tar utgangspunkt i desse når vi skal vurdere kor godt vi når måla våre. Det er aktiviteten over tid som er avgjerande for resultat og effektar, ikkje berre aktiviteten i 2017. I dette kapittelet presenterer vi difor både aktivitet frå 2017 og det vi har lært i 2017 om effekten av tidlegare arbeid.

Distriktssenteret har gjennomført to brukarundersøkingar i 2017. Først ei omfattande undersøking av nettsida sine brukarar, og seinare

ei målretta undersøking om bruken av trykte temahefte. Begge desse viser at kunnskap og tilbod frå Distriktssenteret er etterspurd og at kunnskapen blir teken i bruk i samfunnsutviklinga.

### Kommunane blir betre samfunnsutviklarar gjennom å bruke kunnskap frå Distriktssenteret

#### Resultat av innbyggjarinvolvering

Kva kan kommunane få ut av å ta seg tid til innbyggjarinvolvering? Gjennom kontakten med kommunane har Distriktssenteret sett at det ikkje berre er nok å fortelje korleis kommunane kan drive med samfunnsutvikling. Vi må også fortelje kvifor det er viktig å prioritere det. Det var utgangspunktet for at vi arbeidde fram temasida [Gode argument for innbyggjarinvolvering](#). Sida byggjer på tre forskarnotat<sup>7</sup> og viser fram ei rekkje eksempel på resultat kommunen kan få til ved hjelp av innbyggjarinvolvering:

- Meir kunnskap og treffsikre avgjerder
- Lettare iverksetting av politiske vedtak
- Medansvar, mobilisering og frivilligheit
- Tilhøyrsløse, identitet og fellesskap
- Politisk rekruttering.

Det heile er også oppsummert i ein film som blir brukt på nett, i sosiale medier og som del av foredrag.

<sup>6</sup> Tildelingsbrev 2018, pkt 3.1

<sup>7</sup> [Hvorfor innbyggjarinvolvering?](#), Marte Windsvold, Institutt for samfunnsforskning

[Ungdomsmedvirkning](#), Aina Landsverk Hagen, Arbeidsforskningsinstituttet (HiOA)

[Tillit, innbyggjarinvolvering og attraktivitet](#), Knut Vareide, Telemarksforskning

## Jakta på gode eksempel



Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling

TEMAHEFTE



Mange er interesserte i å finne eksempel på tiltak andre har gjort på eit fagområde. Temaheftet *Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling*<sup>8</sup> byggjer på funn i rapporten *Sysselsetting av innvandrere – regionale muligheter og barrierer for inkludering*<sup>9</sup> og presenterer i tillegg mange eksempel på arbeid i kommunar over heile landet. I tillegg til at vi har levert ut heftet i mange ulike samanhengar, har vi invitert brukarane på distriktsenteret.no til å bestille heftet gjennom eit bestillingsskjema. Vi har undersøkt bruken av heftet hos dei som har bestilt det. Heftet er flittig brukt som utgangspunkt for diskusjonar, men det er også kommunar som rapporterer at dei har sett i gang nye tiltak, endra arbeidsform eller at haldningane i organisasjonen er påverka av heftet. Vi har fått tilbakemeldingar om at heftet er brukt som grunnlag for fylkeskommunale notat om integreringsarbeid, som kjelde ved artikkelskriving, som kjelde for å finne case til konferansar og som oppslagsverk.

<sup>8</sup> *Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling*, Distriktsenteret (2017)

## Meir oversiktleg nettside

Rundt årsskiftet 2016/2017 gjorde vi ei større brukarkartlegging for å få tydelegare svar på behova til brukarane av distriktsenteret.no. Eit konkret resultat av det, var omfattande endringar av nettsida for å gjere det lettare å gjennomføre dei viktigaste oppgåvene. Endringane er frå det enkle: å gjere det lettare å finne kontaktinformasjon til dei tilsette; til det meir omfattande: å synleggjere ein tydeleg tematisk struktur.

Undersøkinga fortel også at Distriktsenteret vert oppfatta som fagleg sterke, presenterer mange nyttige rapportar, er flinke foredragshaldarar, er gode prosessrådgjevararar og gode sparringspartnarar. Saman med andre undersøkingar vi har gjort, ser vi at dei som brukar distriktsenteret.no både vil finne rapportar, fagstoff og faktagrunnlag – og bli inspirert av andre.

For å gjere kunnskapen vår tilgjengeleg for kommunane ser vi framleis at direkte kontakt og oppfølging gir mest nytte.

<sup>9</sup> *Sysselsetting av innvandrere – regionale muligheter og barrierer for inkludering*, NIBR for Distriktsenteret 2015



## Frå Eid til Steinkjer for å lære



I august besøkte ordfører Alfred Bjørlo og Kristine Dahl frå komande Stad kommune Steinkjer kommune. Dei kom for å lære meir om bulystteam, etter å ha lese om metoden på distriktssenteret.no.

## Utviklingsprogram for byregionar (ByR)

Når Byregionprogrammet blir avslutta i 2018 kjem samarbeidet i mange av regionane til å halde fram. Både i Gudbrandsdalen og Namdalen har programmet ført til etablering av nye regionråd. Andre regionar har funne andre måtar å formalisere det langsiktige arbeidet.

<sup>10</sup> [Kom i gang med regionalt næringsplansamarbeid](#), distriktssenteret.no (2017)

<sup>11</sup> [Straume - fra kjøpesenter til regionsenter](#), distriktssenteret.no (2017)

## Historisk samarbeidsavtale for byen og dalen



Faksimile 1: [www.gd.no](http://www.gd.no)

Deltakarane på nettverks- og prosjektleiarsamlingar opplever at dei har stor nytte av samlingane. I tillegg til organisert erfaringsutveksling på samlingane, ser vi at det er kontakt mellom mange av regionane også mellom samlingane. Det er med på å sikre verdifull kunnskapsdeling på tvers av dei ulike byregionane.

Gjennom Byregionprogrammet har vi henta fram læringshistorier som også gir nytte til andre byregionar. Erfaringane frå byregionane kan vere like nyttige i samfunnsutviklingsarbeidet i andre kommunar. Eit døme på dette er ein omfattande artikkel om korleis ein kan kome i gang med regionalt næringsplansamarbeid<sup>10</sup>. Andre læringshistorier og eksempel som er henta ut frå Byregionprogrammet, finn også støtte i anna kunnskap Distriktssenteret har henta inn og legg til grunn for rettleiing av kommunane. I eksempelet *Straume – fra kjøpesenter til regionsenter*<sup>11</sup> er kunnskapen vår om attraktive og berekraftige bumiljø i småbyar<sup>12</sup> eit døme på ein rapport som kan koplast til arbeidet. Gjennom læringshistorier og temaartiklar vert også innlegg

<sup>12</sup> [Attraktive og berekraftige bumiljø i småbyar](#), Gehl architects i samarbeid med Distriktssenteret (2016)

frå nettverkssamlingane henta fram att og kan formidle viktig lærdom på nytt.

Gjennom samlingane i Byregionprogrammet er det ikkje berre bygd nettverk mellom dei ulike byregionane. Vi har fleire gonger hatt med ulike andre statlege etatar og andre foredragshaldarar som har gitt deltakarane nye kontaktpunkt. På siste samlinga i 2017 var til dømes Forskningsrådet og SIVA med på ein sesjon der temaet var korleis regionane kan dra nytte av dei for å fremje omstilling og innovasjon.



Vi har ein tett og god dialog med både KMD, referansegruppa og prosjektleiarar for dei enkelte byregionane. Det har gitt oss gode innspel til både den praktiske gjennomføringa og det faglege innhaldet på nettverkssamlingane. I forkant av kvar nettverkssamling snakkar vi med kvar enkelt prosjektleiar. Slik kan vi tilpasse samlingane til dei utfordringane byregionane møter. Spørjeundersøkingane etter samlingane stadfester at læringsnettverket har godt fagleg nivå og nyttige prosessar.

### **Kommunereforma**

Distriktssenteret har samarbeidd med KMD i gjennomføringa av det nye prosjektet [Framtidens lokaldemokrati i nye kommunar](#). Det er mellom

---

<sup>13</sup> [Lokaldemokrativeilederen](#), regjeringen.no

anna gjennomført ein konferanse og ei prosjektleiarsamlingar.

Lokaldemokratirettleiaren<sup>13</sup> er fylt med fleire eksempel og oppdatert innhald. Distriktssenteret har styrka dialogen med nordiske samarbeidspartnarar for å kunne vise fram fleire nordiske eksempel på t.d. nærdemokratiske ordningar og innbyggardialog.



For å sikre relevant kunnskapsinnhenting, har vi i dette arbeidet brukt eit eige brukarråd samansett av representantar for kommunar og fylkeskommunar. Distriktssenteret sitt arbeid på området gir også kunnskap om medverknad og involvering ut over det som passar inn i Lokaldemokratirettleiaren og prosjektet Framtidens lokaldemokrati i nye kommunar. Denne kunnskapen blir løfta fram for kommunane gjennom distriktssenteret.no og andre formidlingsarenaer.

Dei siste åra har Distriktssenteret dokumentert arbeidet i kommunereforma, mellom anna ved å ta vare på dokumentasjon frå folkeavstemmingar og innbyggjarundersøkingar. Dette materialet har

vore etterspurt både til forskning og av media, og er ein del av kjeldematerialet til *Lokale folkeavstemminger om kommunesammenslåing*<sup>14</sup> og *Innbyggermedvirkning i kommunereformen*<sup>15</sup>.

### Våre tydelege råd til nasjonale myndigheter blir brukt i politikktutforming

Distriktssenteret sine rapportar og formidlingsprodukt har ofte fleire moglege bruksmåtar. På den eine sida gir dei kommunane, fylkeskommunane og andre utviklingsaktørar påfyll av oppdatert kunnskap og eksempel til læring og inspirasjon. På den andre sida gir dei nasjonale myndigheter oppdatert kunnskap om korleis ulike verkemidlar blir brukt og kva effekt dei har i kommunane. Både KMD og andre nasjonale aktørar etterspør også kunnskapen frå historiene om kva som skjer i kommunane. Det finn dei både i rapportar, på nettsidene våre, i temahefte og i filmar vi har laga. Vi opplever også auka etterspurnad etter oss som kompetansepartner i prosjekt som driv kunnskapsutvikling gjennom praktisk utprøving av tiltak.

Vi har samarbeidd med både Husbanken, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) og KS om kunnskapsbygging og presentasjon av resultat i kommunane. Det gjer at vi når ut til fleire, både blant praktikarane og nasjonalt.

Interkommunalt plansamarbeid gjev kommunane betre kompetanse og auka kapasitet og gjev regionen større gjennomslagskraft. Det er ein av konklusjonane i Distriktssenteret si kartlegging av erfaringar frå fem interkommunale samarbeid etter plan- og bygningslova<sup>16</sup>.

Distriktssenteret har også levert rapporten *Verdiskaping basert på natur- og kulturressurser*

med læringshistorier om arbeid med brei verdiskaping: Om å sjå samanhengar mellom økonomisk, miljømessig, kulturell og sosial verdiskaping, og å nytte dette til å skapa større lokal meirverdi. Med utgangspunkt i rapporten har KS samarbeidd med Distriktssenteret om å lage innhald til folkevalttopplæring for verdiskaping med natur og kultur. Eit av eksempla som er trekt fram i rapporten har vi også presentert som film. I 2018 følgjer vi dette opp med eit temahefte som presenterer endå fleire eksempel.

Temaheftet *Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling* er eit resultat av langsiktig samarbeid med IMDi og presenterer døme på korleis kommunar har arbeidd for å drive inkluderingsarbeid av både arbeidsinnvandrarar, flyktingar og familieinnvandrarar på måtar som gjer at dei blir deltakarar i arbeidsmarknad og lokalsamfunn.

Rapporten *Samfunnsvirkningar av boligpolitikk*<sup>17</sup> vart bestilt av Distriktssenteret, men Husbanken samarbeidde tett med oss både om bestilling og formidling. Studien gir auka innsikt i bustadsatsing som strategisk verkemiddel i lokal samfunnsutvikling. Den gir også innspel til politikk- og verkemiddelutvikling, ut frå mål om inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i små og mellomstore kommunar.

*Attraktiv og berekraftig? Småbyers erfaring med nasjonale retningslinjer for by- og tettstedutvikling*<sup>18</sup> trekk mellom anna fram behovet for ein tilpassa småbypolitikk. *Fra*

<sup>14</sup> *Lokale folkeavstemminger om kommunesammenslåing*, Institutt for samfunnsforskning, Rapport 2017:08

<sup>15</sup> *Innbyggermedvirkning i kommunereformen*, Nordlandsforskning og Bygdeforskning, NF-rapport nr 9/2017

<sup>16</sup> *Interkommunalt plansamarbeid – en erfaringsinnhenting*, Distriktssenteret (2017)

<sup>17</sup> *Samfunnsvirkningar av boligpolitikk*, NOVA på oppdrag frå Distriktssenteret (2017)

<sup>18</sup> *Attraktiv og berekraftig? Småbyers erfaring med nasjonale retningslinjer for by- og tettstedutvikling*, Uni Research Rokkansenteret på oppdrag frå Distriktssenteret (2017)

*kommunal plan til gjennomføring*<sup>19</sup> fortel korleis kommunane i endå sterkare grad blir navet i samfunnsutviklinga, fortel om samanhengen mellom gjennomføringskraft og planlegging på lang sikt. Den tek også opp kor viktig medverknad er for utviklingskapasiteten. *Småkommuners nytte av regionalt samarbeid om næringsrettet samfunnsutvikling*<sup>20</sup> fortel mellom anna at mange småkommunar seier ja til meir samarbeid enn dei har kapasitet til å handtere. Rapporten fortel også at fylkeskommunal deltaking og samarbeid i ein funksjonell arbeidsmarknadsregion er fremmer nytten av regionalt samarbeid.

### **Vi er ein framtidretta kunnskapsorganisasjon med nøgde brukarar og tilsette**

#### **Å treffe brukarane**

På ulike måtar har vi jamleg kontakt med brukarane våre i kommunane og samarbeidspartane våre i fylkeskommunar og andre etatar. Vi er opptekne av å finne gode måtar å nå fram med kunnskapen vår slik at den blir tatt i bruk ute i kommunane. I 2017 har vi lytta til nettsidebrukarane og tilpassa den til tilbakemeldingane. Vi har trappa opp bruken av Facebook for å spreie kunnskap, og vi har trappa ned bruken av Twitter, der vi ser at vi når fram til færre av kommunane. Vi bruker også film meir enn tidlegare. I tillegg til at film kan brukast for å få større spreing i sosiale medier, kan det brukast til å løfte historia om eit eksempel i eit foredrag.

Fagrådet gir oss innspel både frå brukarnivå i kommunar og regionar, frå samarbeidspartar i fylkeskommunar og frå forskarsida. I arbeidet med medverknad og involvering har vi brukt brukarråd som metode for å avstemme arbeidet vårt med kommunar og fylkeskommunar.

Vi har også utvida moglegheitene til å nå oss på video, gjennom både Skype for business og utvida funksjonalitet i videokonferanseløysinga.

#### **Eigen organisasjon**

Distriktssenteret legg vekt på å være ein organisasjon sjølv om vi har avdelingar i Steinkjer, Sogndal og Alstahaug. Mykje av arbeidet vårt er lagt opp som samarbeid mellom medarbeidarar på fleire avdelingar. For at samarbeidet skal fungere godt, legg vi vekt på:

- Å ha kultur for og gode tekniske løysingar for samhandling og kommunikasjon.
- Å treffast fysisk minst to gonger i året, med både faglege og sosiale aktivitetar.

Dette gjer at Distriktssenteret er eit fagmiljø som har tett kontakt med mange av kommunane vi arbeider med. Vi har god oversikt over eksisterande erfaringar og forskning. Vi koplur menneske, organisasjonar og arenaer på tvers av fag, forvaltningsnivå og geografi.


Alle tilsette i Distriktssenteret skal slutte seg til verdiane våre: **folkeleg – kompetent – engasjert**. I 2017 hadde vi personalsamlingar i Bekkjarvik og på Gardermoen.

<sup>19</sup> *Fra kommunal plan til gjennomføring*, Østlandsforskning på oppdrag frå Distriktssenteret (2017)


<sup>20</sup> *Småkommuners nytte av regionalt samarbeid om næringsrettet samfunnsutvikling*, Uni Research Rokkansenteret på oppdrag frå Distriktssenteret (2017)



Figuren nedenfor viser gjennomsnittresultatet på de ulike hovedområdene i medarbeiderundersøkelsen. Gjennomsnittet er beregnet ved å legge sammen vurderingen av alle spørsmålene innen hvert område. Alle spørsmålene er målt på en skala fra 1 (uenig) til 5 (enig), og et høyt resultat er alltid uttrykk for noe positivt.



Figuren nedenfor viser gjennomsnittresultatet på de ulike hovedområdene i medarbeiderundersøkelsen. Gjennomsnittet er beregnet ved å legge sammen vurderingen av alle spørsmålene innen hvert område. Alle spørsmålene er målt på en skala fra 1 (uenig) til 5 (enig), og et høyt resultat er alltid uttrykk for noe positivt.



Figur 4: Gjennomsnittresultat for hovedområdene i medarbeiderundersøkelsen, sammenlikna med andre statlege verksemder.

Vi gjennomfører medarbeiderundersøkingar annakvart år. I 2017 gjorde vi dette for fjerde gong, og vi er svært godt nøgde med resultatet. På alle område har vi likt eller betre resultat enn dei rundt 50 andre statlege etatane som nyttar Difi sitt system for medarbeiderundersøkingar. Som oppfølging har vi laga planar for å betre eller oppretthalde fleire punkt, både på verksemds- og avdelingsnivå.

Et lågt sjukefråvære viser også at vi lukkast med å skape eit godt arbeidsmiljø.

### Verktøy

Videokonferanse er eit av fleire viktige verktøy for å kunne fungere effektivt saman på tre ulike steder. I 2016 har tok vi i bruk Skype for Business som klient hos den enkelte. Skype for Business har betre integrasjon mot andre dataverktøy vi bruker, og har gjort det endå enklare å ha videomøter med eksterne deltakarar enn det vi hadde tidlegare. Videokonferanseutstyret vi har på møteromma er avgjerande for den utstrekke samhandlinga mellom avdelingane, og bruken er svært høg. Til dømes deltok ein tilsett i videomøte frå ei vegskulder i Østerdalen ved å bruka Skype for Business-appen. Leiargruppa i Distriktssenteret vurderer videokonferanseutstyret til å være et

godt verktøy for å kunne samarbeide effektivt mellom tre avdelingar og holde reiseaktiviteten nede.


Distriktssenteret har ikkje interne IT-ressursar, men kjøper slike tenester. Vi har hatt avtale med Atea om drift av IT-systema våre sidan mars 2016. Deler av leveransen (for eksempel Office 365) blir levert i ulike skyløysingar. Andre delar av leveransen er på tenarar dedikert til oss (for eksempel dokumenthandtering i SharePoint).

### Ressursbruk

Den økonomiske ramma blei tilsynelatande økt med 0,8 millionar kroner frå 2016 til 2017. I realiteten er det ein reduksjon i bevilginga på 1.6 mill. Grunnen ligg i at frå 1. januar 2017 ble budsjetterings- og regnskapspraksis for handtering av pensjonspremie til Statens pensjonskasse endra. Formålet med endringa er å synleggjere pensjonskostnadene i verksemdenes rekneskap. For Distriktssenteret vart det berekna at denne kom til å utgjere 2,4 mill. Derfor innebar tildelinga en reduksjon på 1.6 mill.

Utbetaling til drift (utanom løn) var om lag 1,7 millionar lågare i 2017 enn i 2016. Hovudpostane

her er innkjøp av *IT-utstyr*, der vi brukte 400 000 mindre. Vi brukte 600 000 mindre til *kjøp av framande tenester* og 350 000 mindre på *kjøp av tenester til IKT-drift*. Posten *utgreiingar* brukte vi vesentleg meir på (om lag 150 000) i 2017 enn året før. Det er viktig for kunnskapsutviklinga vår at vi har tilstrekkelege midlar til å bestille små og store utgreiingar og ressursar til å formidle kunnskapen.



Faksimile 2: Distriktssenteret.no etter brukartilpassingar

I 2017 har vi brukt meir midlar utvikling av distriktssenteret.no enn tidlegare. Totalt har vi brukt rundt 500 000 til brukarundersøkingar på nett, rådgjeving om vidareutvikling, design og få sett endringane ut i livet. Distriktssenteret.no er vår viktigaste kanal for å nå ut med kunnskapen vår, og det er viktig og riktig å følge opp korleis

målgruppa brukar heimesida slik at nytteverdien blir størst mogleg.

Utfyllande omtale av den økonomiske situasjonen er presentert i [del VI – Årsrekneskap](#).

## Andre oppdrag i tildelingsbrevet

### Attraktiv by

Kommunalminister Jan Tore Sanner delte ut statens pris for berekraftig by- og tettstadutvikling til Fredrikstad i juni. 396 nominasjonar kom inn i årets nominasjonsrunde. I 2017 har finalistar og juryvurderingar frå åra med prisane for attraktiv by og attraktiv stad vore brukt som case i studien om småbyars erfaring med nasjonale retningslinjer for by- og tettstadutvikling<sup>21</sup>.

### Fellesføring om effektivisering

Distriktssenteret vurderer alltid dei løysingane samarbeidspartnarar og leverandørar tilbyr for å leggje til rette for effektiv drift, og tek i bruk dei som gir positive bidrag. DFØ sin app for sjølvbetening blir til dømes brukt aktivt av både tilsette og leiarar. Den gjer at det meste av reiserekninga blir skrive undervegs på reisa, og minimalt med arbeidstid går med til å gjere den ferdig. Ved overgangen mellom 2017 og 2018 bytta vi post-/arkivsystem for å få ei meir tidsriktig og effektiv løysing.

Sidan starten i 2008 har Distriktssenteret lagt vekt på å ha ein effektiv og framtidretta organisasjon. Vi har brukt videokonferanse som eit viktig arbeidsverktøy både internt og eksternt heile tida. I 2017 har vi oppdatert denne løysinga for å gjere oss endå lettare tilgjengelege og få meir brukarvenlege løysingar. Vi nyttar fleire skytenester for å ha god tilgang til egne verktøy. Internt nyttar vi SharePoint både som intranett og til dokumenthandtering. Vi kjem til å arbeide meir for å kunne gjere samhandling med eksterne samarbeidspartar enklare og meir effektiv.

<sup>21</sup> *Attraktiv og bærekraftig? Småbyers erfaring med Nasjonale retningslinjer for by- og tettstadsutvikling*, UNI Research Røkkansenteret for Distriktssenteret (2017)



Nokre av dei felles effektiviseringstiltaka som vert innført for statlege etatar, slår førebels skeivt ut for etatar på Distriktssenteret sin storleik. Kostnaden ved å få tilgang til fleire av tilboda gjennom Statens innkjøpssentral gjer at tiltaket vert fordyrande. Innføringa av eInnsyn har også vore dårleg tilpassa dei løysingane Distriktssenteret har elles. Vi håpar slike tiltak likevel gir vinst i framtida.

### **Fellesføring om lærlingar**

Distriktssenteret har hatt dialog med Opplæringskontoret for kommunale fag i Nord-Trøndelag om moglegheita for å samarbeida om ein lærling med andre. For oss er det lærling i kontorfaget som er aktuelt. Det har vore låg tilgang på slike lærlingar i 2017, og vi vil ta dette opp til ny vurdering i 2018.

## Utgreiingar og kunnskapsutvikling ferdigstilt eller starta i 2017



### Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling

*Temahefte. Distriktssenteret i samarbeid IMDi*

Heftet presenterer døme på korleis kommunar har arbeidd for å driva inkluderingsarbeid av både arbeids-innvandrarar, flyktningar og familieinnvandrarar på måtar som gjer at dei blir deltakarar i arbeidsmarknad og lokalsamfunn.

Gjennom konkrete døme og tematekstar gir heftet læring og inspirasjon til kommunar som ønsker å gjere nytte av andre kommunar sine erfaringar, og bruke desse i eige utviklingsarbeid.



### Interkommunalt plansamarbeid – en erfaringsinnhenting

*Rapport levert KMD. Distriktssenteret*

Kartlegging av erfaringar frå fem interkommunale samarbeid etter plan- og bygningslova. Interkommunalt plansamarbeid gjev kommunane betre kompetanse og auka kapasitet og gjev regionen større gjennomslagskraft.

Viser døme på korleis eit strategisk plansamarbeid kan gjennomførast og kva for utfordringar ein kan møte på.




### Verdiskaping basert på natur- og kulturressurser

*Rapport levert KMD. Distriktssenteret*

Læringshistorier om arbeid med brei verdiskaping: Om å sjå samanhengar mellom økonomisk, miljømessig, kulturell og sosial verdiskaping, og å nytte dette til å skapa større lokal meirverdi.

Andre kommunar får kunnskap og døme på korleis verneverdiar kan koplust med bruk og lokalt verdiskapings-arbeid. I 2018 vil kunnskapen bli foredla vidare til eit læringshefte for kommunar



### Samfunnsvirkninger av boligpolitikk

*Rapport. NOVA*

Auka innsikt i bustadsatsing som strategisk verkemiddel i lokal samfunnsutvikling og kunnskap som styrkar grunnlaget for politikk- og verkemiddelutvikling, ut frå mål om inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i små og mellomstore kommunar.

Kunnskap som medverkar til at bustadpolitisk innsats blir meir målretta og del av heilskapleg samfunnsutvikling.



## Fra kommunal plan til gjennomføring

*Rapport. Østlandsforskning*

Kommunar definerer behov, mål og eigen innsats for lokal samfunnsutvikling i plan- og styringsdokument. Gjennomføringskraft og konkrete resultat er ein føresetnad for at kommunale planar skal ha effekt.

Kunnskap som kan medverke til å gjere kommunane betre på å gjennomføra vedtekte planar, saman med eksterne aktørar.



## Småkommuners nytte av regionalt samarbeid om næringsutvikling og næringsrettet samfunnsutvikling

*Rapport. Uni Research Rokkansenteret*

Kunnskap om kva som hemmar og fremjar nytte av regionalt samarbeid for småkommunar er viktig for kunne få større effekt av regionalt samarbeid. Syner konkrete døme, synleggjer dilemma og reiser sentrale spørsmål om kvifor samarbeide og korleis samarbeide.

Nyttig grunnlag for strategiske diskusjonar og prioriteringar av samarbeid, og for å gjere pågåande samarbeid betre.



## Attraktiv og berekraftig? Småbyers erfaring med nasjonale retningslinjer for by- og tettstedsutvikling

*Rapport. Uni Research Rokkansenteret*

Viser gode grep/tiltak for berekraft og attraktivitet i småbyar.

